



## PLANINITIATIV

Ved førespurnad om oppstartsmøte.

Jf. forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven

Planinitiativet er utarbeidd av:  Opus Bergen AS	
Dato: 23.3.2022	

<b>1. Føremålet med planen jf. § 1 bokstav a)</b>
Legge tilrette for utbygging av fritidsbustader i medhald av områderegulering for Mørkveslia.
<b>2. Skildring av planområdet og om planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet, jf. § 1, bokstav b)</b>
Planområdet ligg innanfor områderegulering for Mørkveslia. I samband med utarbeidinga av områdereguleringa ble verknader utanfor planområdet utgreidd.
<b>3. Tilhøve til kommuneplanen, jf. § 1 bokstav g)</b>
Planinitiativet er i samsvar med formål i kommuneplanen
<b>4. Tilhøve til gjeldande og eventuelt igangsette reguleringsplanar, jf. § 1 bokstav g)</b>
Planinitiativet er i samsvar med gjeldande områderegulering
<b>5. Omtale av planlagd utbygging, anlegg og andre tiltak, jf. § 1 bokstav c)</b>
<i>Planen skal detaljere deler av områderegulering for Mørkveslia, planident 12352016012 (heretter bare "OM"). I hovudsak er planformåla fritidsbusetnad og tilhøyrande infrastruktur. I aust er plangrensa utvida utanfor byggjeformåla i områdereguleringen for å ta med aktsemdområde for skred langs Husagrovi og framtidig tilkomst til Hyrtamyrane. Planen inneheld tre planflater, (1) BFB05 i OM, (2) BFB06 i OM og (3) BFB07-BFB10, BFF18-BFF21, del av BFF22 og BFF23, BFF24, G1 og G2, del av GT1 og del av LAA1 i OM. Planen vil innehalde inntil omlag 80 frittligjande fritidsbustader og inntil omlag 90 fritidsleilegheiter.</i>
<b>6. Utbyggingsvolum og byggjehøgder, jf. § 1 bokstav d)</b>
<i>Utbyggingsvolum og byggjehøgder skal følgje prinsippa i <u>Mørkveslia kvalitetsprogram</u> (28.6.2018, OM). Alle einingane skal ha tilkomst frå veg SV (OM).</i>
<b>7. Funksjonelle og miljømessige kvalitetar i prosjektet, jf. § 1 bokstav e)</b>
<i>Planen skal leggje stor vekt på gode utearealer som bind saman friluftsområde og skiløypar på utsida av hyttefeltet. Fritidseiningane skal ha tilgang til områda rundt og skianlegget i Myrkdalen utan å køyre bil til fjellandsbyen ved Ondrahaugen</i>
<b>8. Tiltaket sin verknad på- og tilpassing til landskap og omgjevnadene jf. § 1 bokstav f)</b>
<i>Tiltaket skal følgje kvalitetsprogrammet sine strenge krav til tilpassing til landskap. Naturleg terreng og naturelement skal i størst mogleg grad takast vare på. Framføring av veg i bratt terreng vil uansett medføre store skjeringar og fyllingar enkelte stadar</i>



9. Vesentlege interesser som vert berørt av tiltaket, jf. § 1 bokstav h)	
<i>Vesentlege interesser som vert berørt er omhandla i områdereguleringa. I hovudsak er det landbruk, friluftsliv, natur og vassdrag som vert berørt av tiltaket.</i>	
10. Korleis samfunnstryggleik skal ivaretakast, mellom anna gjennom å førebyggja risiko og sårbarheit, jf. § 1 bokstav i)	
<i>Det er utarbeidd ROS-analyse i samband med områdereguleringa. Det er aktuelt å undersøkje nærare rasproblematikk i aktsemdområde ved Husagrovi og eventuelle tiltak her og i rasfarlege område som ble avdekt i områdereguleringa.</i>	
11. Kva offentlege organ og andre interesserte som vert berørt, og som skal varslast om planoppstart, jf. § 1 bokstav j)	
<i>NVE, Statsforvaltaren, Statens vegvesen, Vestland fylkeskommune, Nordfjella og Fjellheimen villreinnemd, Fjellheimen villreinutval, Vossnet, Voss energi, Voss naturvernlag, kommunale avdelingar i Voss kommune</i>	
12. Prosessar for samarbeid og medverknad frå berørte fagmyndigheiter, grunneigarar, festarar, naboar og andre, jf. § 1 bokstav k)	
<i>Ein tar sikte på å involvere aktuelle berørte undervegs i planprosessen. Utbygginga, inkludert grad av utnytting og alle hovudtrekk, er avklart i overordna plan.</i>	
13. Vurdering av om planen er omfatta av <a href="#">forskrift om konsekvensutgreiing</a> (KUF), og korleis krava i tilfelle vil kunne verta ivaretatt, jf. § 1 bokstav l).	
- Fell planen inn under KUF § 6, bokstav a) eller b)? Grunngjeving: Området er konsekvensutgreidd i områdereguleringa. <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	
- Fell planen inn under KUF § 8 bokstav a)? Grunngjeving, basert på kriteria i KUF § 10: Se over <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	
14. Anna	
Eventuelle hovudutfordringar for prosjektet:	Å få til god terrengtilpassing for hovudveg.
Aktuelle tema for diskusjon på oppstartsmøtet:	Planavgrensing, kva som skal detaljregulerast i denne planen.
Forslag til plannamn:	Mørkveslia detalregulering del 2.
Spørsmål som forslagsstillar/planleggjar ynskjer avklart:	